
Seniorskyss 2005

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkeskommunen yter godtgjersle til følgjande tilrettelagde skysstilbod i 2005:

Seniorskyssen – Leikanger	kr 130 000
Seniorskyssen – Balestrand	kr 130 000
Seniorskyssen Fjaler	kr 75 000
Seniorskyssen Gaular	kr 130 000
Fokusprosjektet, Førde	<u>kr 130 000</u>
Til saman	kr 595 000

- 2 Billettprisen vert auka frå kr 10 til kr 15, med verknad frå 01.03.05.

- 3 Hovudutvalet finn ikkje rom for oppstart av nye seniorskyssar i dette budsjettåret.

Prenta vedlegg:

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Hovudutval for regional utvikling handsama i møte 12.02.03 sak om Prosjekt – "Seniorskyss" som var eit prøveprosjekt for Leikanger kommune på eit år. Seniorskyssen vart raskt godt motteken, og fleire kommunar ynskte å prøve ordninga.

I møte i hovudutval for regional utvikling 22.08.03 vart det gitt løyve til oppstart av seniorskyss i Balestrand kommune, Fjaler kommune, Gulen kommune, Dalsøyra Eldresenter – "Aktivitetskyss", Flexitaxi-prosjektet i Måløy og Førde kommune "Fokus"-prosjektet.

I møte i Fylkesutvalet 10.12.03 vart det gjort slikt vedtak i sak om Innføring av eldrekort:

- 1 Det ver ikkje innført ordning med "Eldrekort" i Sogn og Fjordane.
- 2 Fylkeskommunen prioriterer i staden arbeidet med å gje dei eldre eit betre transporttilbod ved å vurdere utviding av prosjektet "Seniorskyssen".

Vi vil i denne saka tildele midlar til tilrettelagde skysstilbod.

2. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

Ei av oppgåvene til fylkeskommunen er å halde oppe eit kollektivt transporttilbod til folk flest. Dei seinare åra har både busetnadsmønster og transportsystem endra seg mykje. Ekspressbuss-nettet held i dag oppe ein del av lokalrutefunksjonen, men dette gjeld berre for dei som bur langs hovudtrafikkårane. Eldre som bur utanfor desse områda, og som ikkje vert omfatta av "Dør til dør-transporten", står ofte heilt utan eit offentleg transporttilbod. Dette gjer det problematisk å delta i sosiale samanhengar, i tillegg til at det vert vanskeleg å få utført naudsynte tenester i sentra. Fylkeskommunen starta difor med eit fleksibelt transportprosjekt tilpassa dei eldre. Prosjektet vert kalla "Seniorskyssen". Her vert passasjerane frakta frå heimen etter fleksible rutertrasèar til og frå ulike aktivitets- og servicetilbod. Tilbodet er svært godt motteke hos brukarane og kommunane.

Andre opplysningar

Etablerte seniorskyssar

Seniorskyssen - Leikanger

Seniorskyssen i Leikanger vart oppstarta som eit prøveprosjekt i mars 2003, med eit budsjett på kr 100 000. Ruta vert køyrd to gonger i veka. Sidan prosjektet vart så godt motteke fann ein å forlengje seniorskyssen i 2004, med same budsjett. Det viser seg at seniorskyssen også hadde ein oppgang på tal passasjerar i 2004. Det er mellom 200 og 250 personar som nyttar skyssen kvar månad.

Seniorskyssen - Balestrand

Seniorskyssen i Balestrand vart oppstarta i oktober 2003, med eit budsjett på kr 100 000. Prosjektet vart forlengta ut 2004, med same budsjett. Tal passasjerar er ca 200 pr månad.

Seniorskyss - Fjaler

Seniorskyssen i Fjaler vart oppstarta i oktober 2003, med eit budsjett på kr 100 000. Prosjektet vart forlenga ut 2004, med same budsjett. Ruta ver køyrd ein dag i veka. Tal passasjerar er ca 200 pr månad.

Seniorskyss – Gaular

Seniorskyssen i Gaular kom i gang okt/nov-03. Ruta vert køyrd ein dag i veka. Tal passasjerar pr månad er ca 200.

Fokusprosjektet, Førde

Fokusprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Førde kommune ved dagsenter for eldre, Sogn og Fjordane fylkeskommune og drosjenæringa i Førde. Målgruppa er heimebuande med behov for aktivisering og tilsyn på dagtid, og som treng å kome seg ut av eit isolert tilvere. Ruta vert køyrd seks dagar i veka til ulike tider om morgonen og faste tider på ettermiddagen. Samarbeidsprosjektet har fungert i ca 2 år. Tal passasjerar er litt i overkant av 200 pr månad. Prosjektet fekk i møte 26.8.04 kr 100 000.

Flexirute i Måløy

Flexirute i Måløy vart oppstarta i slutten av 2001 som eit prøveprosjekt på 2 år. Dette prosjektet er eit samarbeid mellom Måløy Taxisentral, Vågsøy kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette er eit utvida tilbod i kommunen som også gjeld born/unge til/frå trening – fritidsaktivitetar, avlaste "dør til dør" -tilbodet, trygg transport. Ruta vert køyrd seks dagar i veka. Prosjektet fekk i møte 26.8.04 kr 140 000. Dette gjeld for ein ny 3-års periode.

Nye prosjekt

Desse kommunane har søkt om midlar til oppstart av seniorskyss: Open omsorg sone Brekke, Dalsøyra eldresenter i Gulen kommune, Norddalsfjord grendalag, Florø, Seniorskyss i Hornindal kommune, Hyllestad kommune, Stryn kommune, Naustdal frivilligsentral og Luster kommune.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Det viser seg at alle igangsette prosjekt er svært vellukka. Det er ynskjeleg frå kommunane si side at dei må halde fram. Det er ikkje avsett midlar til nye prosjekt i 2005.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

I Regionalavdelinga sitt budsjett for 2005 er det avsett kr 5.2 mill til "dør til dør" transport. Første tildeling er på kr 4 279 760. Også i inneverande år kjem vi til å halde attende ein del midlar som skal gå til ekstraløyving til dei kommunane som har særlege behov for dette enten pga geografi, alderssamansetnad og liknande. Ekstraløyvinga er på litt i overkant av kr 300 000, og då er det att om lag kr 600 000 til tilrettelagde skyssar.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

- | | | |
|---|----------------------------------------------------------------------------------|-------------------|
| 1 | Fylkeskommunen yter godtgjersle til følgjande tilrettelagde skyssstilbod i 2005: | |
| | Seniorskyssen – Leikanger | kr 130 000 |
| | Seniorskyssen – Balestrand | kr 130 000 |
| | Seniorskyssen Fjaler | kr 75 000 |
| | Seniorskyssen Gaular | kr 130 000 |
| | Fokusprosjektet, Førde | <u>kr 130 000</u> |

Til saman kr 595 000

- 2 Billettprisen vert auka frå kr 10 til kr 15, med verknad frå 01.03.05
- 3 Hovudutvalet finn ikkje rom for oppstart av nye seniorskyssar i dette budsjettåret.